

Alver kommune  
ref: 19/2580 - 19/39011

Klage på søknad om fritak for gebyr 58/ 14 Lygre Indre

Takk for utsett klagefrist.

Gebyrforskrifta til kommunen opnar for reduksjon av gebyret på visse vilkår :» Når sælege grunnar ligg føre». Vår sak innfriar desse krava slik vi ser det. Begrunnelsen for dette går fram av søknaden. Kommunen sitt vedtak tek ikkje utgangspunkt i realitetane i saka slik dei er beskrivne i søknaden.

#### **Dykkar grunngjeving for avslaget er formulert omlag slik :**

«Kommunen kan ikkje sjå at grunngjevinga i søknaden gjev grunnlag for redusert gebyr. Det er ingen spesielle forhold i denne saka som skil den frå andre saker der det vert søkt om oppføring av bygg frå lag/velforeiningar osv. Det vil undergrave gebyrregulativet dersom gebyr vert redusert i einskildsaker der grunngjevinga for reduksjonen også vil kunne gjere seg gjeldande i andre liknande saker».

Så kjem ei lang utgreiing om presedensverknaden osv knytt til denne saka sin overføringsverdi til tilsvarende søknader frå friviljuge organisasjonar og alt det presset kommunen er utsatt for på dette feltet. Klageorganet må lese saksutgreiinga i det vidare. Det er vanskeleg å finne hverken logikk, tråd eller relevans til den situasjonen som er beskrevne i søknaden. Kommunen sine anførslar om presedensverknad ligg utanfor kva denne konkrete saka dreier seg om etter vår mening.

Vi meiner difor at kommunen lyt sjå på denne saka på nytt i lys av vår søknad om redusert gebyr som reglementet pkt 4.9 opnar for. Vi ber om at kommunen set ny sakshandsamar på saka sidan vi oppfattar at vedkommande sin situasjonsbeskrivelse av denne saka neppe kan vere rett.

#### **Kva søknaden dreiar seg om :**

Det spesielle i denne saka er at det har stått eit bygg på kaien » i manns minne», som det er gjort herved på og som er flata ned. Saka var politimeldt, men diverre henlagt sjølv om bevisbøra og observasjonar etter vår oppfatning er gode nok for å forfölge ho. Ei kriminell handling er såleis bakgrunnen for at saka oppstod. Dette ligg utanfor vår kontroll. Dette faktum bør innfri det kommunale reglementet sine krav om sælege grunnar. Dette er hovudpunktet i klagen vår.

Vi meiner vidare at det er usakleg argumentasjon når kommunen i si saksutgreiing peikar på at andre lag/organisasjonar kan påberope seg vår begrunnelse ( bygg fjerna som følge av kriminell handling ) for å söke om redusert gebyr ved sine eventuelle søknader om byggetillatelse/påbygg. Dette er eit heilt urimeleg resonnement slik vi ser det.

I tillegg kjem at bygget har dokumenterte kulturhistoriske verdiar uttalt av både kommunen sjølv og fylkeskommunen. Etter vår mening peikar det også i same retning : Det er ein samfunnsak at bygget kjem opp att. Bygdefolket tek ansvaret og set opp att på dugnad.

#### **Avslutning**

Til slutt vil vi meine at kommunen si sakshandsaming av denne søknden bør vere enkel og av formell karakter: Det dreiar seg om det same bygget, med same plassering som skal førast opp att. Bygningen sin storleik ( ca 2,5 x4 m ) er dokumentert gjennom foto. Sakskomplekset er så enkelt at kommunen bør difor av eige initiativ redusere gebyret, jmfr reglementet siste del. Vi oppfordrar dei til å gjere dette, dersom kommunen avslår klagen på søknaden anført ovanfor.

Vi minner om mottoet til dåverande Lindås kommune : Der daumar vert røyndom.

Vi ber med dette om at kommunen imøtekjem søknaden vår.

For styret

Ole Bakkebø

Bergen den 22!/1 - 2020.

